

Eigenvurdering

Denne oppgåva som har gått over semesteret har vore interessant og utfordrande. Det starta noko rotete då det tok tid å få spikra fast problemstilling. Dette gjorde at oppgåvestarten blei noko forskyvd og arbeidet blei meir komprimert enn planlagt. Oppgåva var ganske rett fram i form av at det var innhenting av teori -> design-> produksjon -> testing -> resultatinnhenting -> rapportskriving. Dette gjorde at det ikkje var noko avsporing i forhold til framdriftsplanen.

Oppgåva blei skriven åleine, det har difor ikkje vore noko problem med samarbeid. Det vart difor sær viktig å ha hyppige veiledingstimar for få ein sparringspartner som kan sørge for at ein ikkje sporar av oppgåva og grav seg djup ned i eit hol. Arbeidet med oppgåva har vore interessant då det er eit tema som er aktuelt sidan eg jobbar i bedrifta med den avdelinga. Prosessen har vore relativt knirkefritt, det var likevel nokre utfordringar undervegs som ein ikkje alltid kan føresjå.